

Den store dognadsdagen

08.04.2011



Dugnad i båthamna i fjor vår (Foto:Ola Matti Mathisen)

Våren er dugnadstid. Etter det vi kjenner til er det i morgen tre dugnader i Uskedalen.

* Uskedal Båtlag har dugnad og gjer på den måten eit stort arbeid med å klargjera båthamna for sommarsesongen.

* Sameiga Uskedal Brygge starta sin vårdugnad alt i dag og held fram i morgen til arbeidsoppgåvene er utført,- spyling og vasking, planting, uteomblane skal på plass, måling og oljing.

* Når vi så tek med at Geilo Grannelag også gjennomfører sin dugnad i morgen så skjønar vi at totalt er det mange frivillige i arbeid for kvar sine oppgåver og nærmiljø.

Dugnad er ei arbeidsform som har lange og sterke tradisjonar i Uskedalen.
Ein gjer eit stort og verdfull samfunnsnyttig arbeid. Like viktig er den sosiale sida.

Seinare i vår er det nye dugnader, på stemnepllassen, idrettsbanen og i velforeningar.

Av Kristian Olav Bringedal